

Vestland Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Dykkar ref.  
Namnesak

Vår ref.  
26/8416-3

Dato:  
20.04.2026

## Melding om oppstart av namnesak – Ny ungdomsskule på Bildøyna

Kommunedirektøren reiser namnesak for ny ungdomsskule på Bildøyna. I medhald av § 8 i stadnamnlova vert saka no lagt ut til høyring.

Etter planen skal skulen overleverast til Øygarden kommune 26. januar 2028, med skulestart i august same år.

Då den noverande skulen opna på 1960-talet, var det den første og einaste ungdomsskulen i dåverande Fjell kommune. Skulen fekk difor namn etter kommunen. Seinare kom Tranevågen ungdomsskule i tillegg, som fekk namn etter den lokale staden der han ligg. No eksisterer ikkje Fjell lenger som administrativ eining, og skulen ligg heller ikkje på garden/staden Fjell. Dette er bakgrunnen for at ein bør vurderer namnet på den nye skulen.

Kommunedirektøren ønskjer innspel til namn som kan vere eigna for det nye skulebygget.

Eitt alternativ kan vere å vidareføre namnet Fjell ungdomsskule, dersom ein ønskjer å ta vare på historia knytt rundt namnet. Eit anna alternativ kan vere å knyte namnet til lokal plassering, til dømes Bildøyna ungdomsskule.

**Besøksadresse**  
Øygarden rådhus  
Foldnesvegen 1  
5354 STRAUME

**Postadresse**  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

**Kontonummer**  
6130.05.01590  
**Organisasjonsnummer**  
922 53 0890

**E post**  
[postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)  
**Telefon**  
56 16 00 00



Illustrasjon av ny ungdomsskule henta frå Veidekke

### **Namnsetjing og prinsipp**

Prinsipp for namngjeving er omtala hjå Språkrådet [Navngivingsprinsipper](#). Eit sentralt prinsipp er at namna skal byggja på lokal namnetradisjon og gli naturleg inn i det eksisterande namnemiljøet.

Nye adressenamn bør helst ta utgangspunkt i eksisterande stadnamn. Dersom dette ikkje er mogleg, kan det vera aktuelt å lage nye namn basert på eldre lokale namn, som til dømes gardsnamn eller andre stadnamn i området.

### **Innspel**

Dersom de har innspel til namn, kan de senda dette til kommunen via:

- e-post: [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)
- brev til: Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 Rong
- [Elektronisk høyringsinnspel](#)

Innspela vert tekne med vidare til politisk behandling og endeleg avgjerd.

Høyringa er publisert på Øygarden kommune sine nettsider.

Frist for å koma med merknad er sett til: **29.06.2026 | Vis til saksnr. 26/8416**

Med helsing

Gro Elisabeth Hjørnevik  
oppmålingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur